



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

750 000 kroner til Lokal samfunnsutvikling i Finnmark

Finnmark fylkeskommune har som mål at kommunane i Finnmark skal stå fram som offensive og ressurssterke lokalsamfunnsutviklarar.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Finnmark fylkeskommune skal:

- Gje viktige tilskott til mest mogleg positive ringverknader i Kvalsund kommune og regionen elles, som direkte følgje av etablering av gruveverksemd i Nussir, og bygge kompetanse for korleis regional nærings- og samfunnsutvikling kan auke effekten av framtidige industrietableringar.
- Undersøke korleis veksten i Kirkenes kan brukast til å skape vekst i heile Varanger-regionen gjennom forprosjektet Vekstregion Varanger.
- Lage ein arena for kommunalt og regionalt utviklingsarbeid gjennom den årlege Kommunekonferansen.
- I samarbeid med Loppa kommune utvikle arbeidsformer for å overføre utviklingskompetanse skapt gjennom omstillingsprogram til alle delar kommunen si drift.
- Saman med Tana kommune arbeide med eit pilotprosjekt for å kople kommuneplanens samfunnsdel betre til årleg budsjett. Dette skal gjere at mål og strategiar i samfunnsdelen blir til tiltak og handling for å utvikle Tana samfunnet vidare.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00